

## OVERGJØDSLING AV ENG PÅ MYRJORD.

Av myrkonsulent Hans Hagerup.

**M**ED den store utviding av åkerarealet i år og tilsvarende minking av engarealet er det vel sannsynleg at det vil gå utover høyproduksjonen. Men det er ikkje turvande at det skal bli nokon stor svikt her, uten tvil kan ein mange stader ved ei sterkare gjødsling av enga i nokon mon ta att det ein vil tapa ved eit mindre engareal, og der enga tidlegare har vore veikt gjødsla skulle ein ha von om stor auke ved ei sterkare gjødsling, under føresetnad av at jorda elles er i god stand.

For myrjord må ein vera merksam på at den må ha mest all mineralnæring for plantene tilført med gjødsla, og oftast vil det gå utover enga ved at denne vert for veikt gjødsla. Avlingane vil i høg grad innstille seg etter den gjødsling som vert brukt. Men korleis vil det då stille seg på denne jord med den fosfatrasjonering som vi har fått? For dei ymse jordbruksvekster er rasjonane fastsett til ei mengd fosforsyre som svarer til desse mengder superfosfat pr. dekar:

Til eng .....	4,5 kg superfosfat		
» åker .....	7,0 »	»	
» rotvekster .....	10,0 »	»	

Den som har mykje myrjord, kan på søknad få ei auking av desse mengdene, og ein står fritt for å nytte rasjonane til dei vekster ein vil.

Av fosfatgjødselslag er ikkje dampa beinmjøl rasjonera, men det er ikkje høve til å få kjøpt større kvanta likevel av omsyn til ei rimeleg fordeling også av denne gjødsel. Av kali- og kvævegjødsel får ein kjøpe det som trengs, og det gjeld difor å nytta desse gjødselslaga på rette plass og i rikeleg mengd for å utnytte den fosfatreserven som er i jorda. Fosforsyra vert som kjent godt bunde i myrjorda, og der det gjennom lengre tid er gjødsla rikeleg med fosfat og forrådsjødsla ved nydyrkinga, skulle det vera von om god etterverknad av fosforsyra ved ei sterk gjødsling med kali og kvæve.

I dei fleste høve er det nok kaligjødslinga det skortar på til enga på myrjorda. Rotvekstene får husdyrgjødsla, og der den vert tilført i rikeleg mengd er det god etterverknad i etterfylgjande kornår, men i engåra vil avlinga fort gå ned dersom det ikkje vert gjødsla; plantene vert bleikgule av farge, dette tyder på kalimangel. Etter våre analyser inneheld timoteihøy 3—4 gonger så mykje kali som fosforsyre, og i høy etter første slått har det prosentiske innhald i medel vore 0,35 fosforsyre og 1,20—1,40 kali. Dette svarer omlag til 2 kg superfosfat og 3 til 3,5 kg kalisalt (40 %) pr. 100 kg høy. Ein forstår av dette at avlinga vil rette seg etter den tilførte gjødselmengd og i det rette høve.

Rotvekster (neper) bør i år få full husdyrgjødsling utan noko tilskot av fosfat. Etter eit innhald i husdyrgjødsla på 2 kg fosforsyre

pr. tonn skulle fosfatinnhaldet omlag tilsvare 65 kg superfosfat i 6 tonn husdyrgjødsel til neper.

I tilfelle ein tar potet på myr reduseres mengda av husdyrgjødsel til denne til 4 tonn + 10 kg superfosfat + 10—20 kg kalisalt pr. dekar. Det som ein sparer av fosfat til neper vert bruka til åker og eng. Korn etter husdyrgjødsla rotvekster får 10 kg superfosfat + 10—20 kg kalisalt og eit tilskott av kvæve etter moldingsgraden i myra; men her må ein og gjera rekning på etterverknad av husdyrgjødsla. Ein må difor vera varsam med kvævegjødsla av omsyn til legdefæren. På godt molda myr gir ein ikkje noko kvæve til kornet, berre på lite molda myr kan ein gi eit tilskott på 10 kg salpeter, og der det ikkje er brukt husdyrgjødsel året før kan på lite molda myr gjevast 20 kg og i ymse høve også meir, dersom ein er sikker på at det ikkje vil føre til legde.

Til eng som kjem etter korn og med husdyrgjødsling til rotvekstene som nemnt, kan ei slik gjødsling pr. dekar tilrådest til god eng.

1. års eng: 7—10 kg superfosfat + 20 kg kalisalt (40 %).

2. til 4. års eng: 10—12 kg superfosfat + 30—35 kg kalisalt.

Kvævegjødsla vert tilmåta etter moldingsgraden av myra og kløverinnhaldet i enga, frå 0 til 30 kg kalksalpeter pr. dekar, eller kalkammonsalpeter i tilsvarende meng (ca. 22 kg). Berre på lite molda myr bør ein gå så høgt med kvævegjødslinga.

Denne gjødslinga skulle gi avlinger på 6 à 800 kg høy pr. dekar ved første slått + ein del hå under gode veksttilhøve.

Når kalimengdene er auka med alderen av enga har det sin grunn i at ein kan rekne med ein del etterverknad også av husdyrgjødslinga til rotvekster tidlegare år, serleg i første engåret; men kravet til kalli stig med alderen av enga, medan dei ytedyktigaste engplanter held seg. Når timoteien minkar, vil gjerne avlinga gå ned. Er myra påført mineraljord, slik som mosemyr og andre mindre gode myrar, vil utslaget av kaligjødslinga rette seg noko etter den jorda som er nytta ved jordbetringa. Er det brukt leir kan det sparast noko på kaligjødslinga.

Kvævegjødslinga er vanskelegare å avgjera i mange høve. På godt molda myr bør ein ikkje bruka noko. Myrar som har lege lenge under kultur og er tilført husdyrgjødsel vil ofte vera godt molda. Nydyrka myr og elles lite molda myr vil gje gode utslag for kvævegjødsling. Er det rikeleg kløver i enga trengs heller ikkje å tilførast kvæve; men utgjer ikkje kløver meir enn omlag  $\frac{1}{3}$  vil kvævegjødsling gje bra utslag. Dette kan ikkje avgjerast før veksten er kome i gang, og ein bør etter skjøn prøve å avgjera kor stor del kløveren utgjer. Dei største kvævemengder kjem best til sin rett i kløverfri eng, på lite molda myr og di lenger enga kjem frå husdyrgjødsla rotvekster.

Fullgjødsel høver ikkje godt på myrjord, det vil ein forstå av det som er sagt. I tilfelle Fullgjødsel I vert brukt som overgjødsling på eng, så skulle omlag 10 kg pr. dekar tilsvare den fosfatmengd som

nemnt ovafor. Denne mengd gjev for lite kali, og det må difor tilførast 15—25 kg 40 % kalisalt for å få same mengd som i nemnde døme, dertil 7 til 15 kg kalksalpeter. Fullgjødsel må brukast på lite molda myr og kløverfri eng.

Der ein har rikeleg husdyrgjødsel og etter måten lite åkerareal bør husdyrgjødsel brukast til overgjødsling av enga i ei mengd av 8 à 10 lass (1,5 à 2 tonn) pr. dekar. Ein bør syte for å få god spreing og smuldring ved å kjøre ei rishorv over etter spreinga. Elles er det med husdyrgjødsel at spreinga må gjerast i overskya og regnfullt ver for å unngå mest mogleg kvævetap. Likesom med Fullgjødsel bør den brukast på mindre molda myr, der kvævet kjem best til sin rett.

Pristilhøva for gjødsel og produkter er slik at dette skulle hjelpe fram auka bruk av dei gjødselslag som ikkje er rasjonera — kali- og kvævegjødsel. Og større tilføring av desse er ein føresetnad for betre utnytting av fosfatreserven i jorda. Sjølv om fosfatrasjonen er liten, skulle det på myrjorda som tidlegare kvart år er tilført rikeleg mengd av fosfat til dei ymse vekster, ikkje vera nokon stor fære for at avlinga vil gå ned inneverande år, dersom veksttilhøva elles vert gode.

---

## NORSKE BRENNTORVMASKINER OG TORVSPADER.

**E**TTER forslag av Det norske myrselskap ble det høsten 1939 stilt til rådighet for myrselskapet kr. 50,000.00 for å sette i gang produksjon av brenntorvmaskiner ved norske verksteder. Oppgaven ble overdradd Hamar Jernstøperi og mek. Verksted, som tok opp fabrikkasjon av 3 forskjellige størrelser av torvkverner, vesentlig etter Aadals Bruks tidligere modeller. Videre ble det innkjøpt noen eldre brenntorvmaskiner, som ble overhaldt og reparert i løpet av vinteren 1939—40. Våren 1940 stod vi derfor godt rustet til å møte det forserte krav om å få i gang brenntorvanlegg som plutselig meldte seg, i hvert fall hva torvmaskiner angikk. Av de bestilte og innkjøpte maskiner ble alle, unntatt 3 stkr., solgt våren og forsommeren 1940. De 3 maskiner som ikke ble solgt da, er imidlertid solgt i år. Samtlige maskiner ble solgt for nøyaktig hva de kostet i innkjøp, plus omsetningsskatt, og for eldre maskiner med tillegg av reparasjonsomkostninger.

Våren 1940 satte også A/S Myrens Verksted, Oslo, i gang fabrikkasjon av brenntorvmaskiner etter en modell som ble fremstilt av verkstedet under forrige brennelskrise. Disse maskiner, i alt 5, ble ikke ferdig tidnok til å komme på markedet våren 1940, men maskinene kom vel med i år.